

MØTEBOK FOR VESTRE SLIDRE FJELLSTYRE

Sak nr: 12/2004

Møtedato: 5.2.04

Arkiv nr:

REKNESKAP

Revisjonen har hatt merknader til at aksjane i FOSA er bokført med eigenkapital tilsvarande pålydande og at langsiktig lån er ført med full verdi. Dette meiner revisjonen gir eit feil bilete av den økonomiske situasjonen. Etter revisjonen sitt syn vil ikkje fjellstyret kunne realisere desse verdiane. Dette er truleg rett. Det same vil også gjelde for aksjane i Valdres utmarskontor. Fjellstyret bør derfor vurdere å skrive ned verdien på desse i rekneskapet. Dette vil gi eit meir rett bilete av økonomien til fjellstyret.

Frå revisjonen har vi fått signal om at større investeringar skal skrivast ned over fleire år. Det er sikkert rett for eit skatterekneskap. Investeringar som fjellstyret gjer, er langsiktige og er ikkje aktuelle salsobjekt. For fjellstyret gir det eit meir rett bilete av økonomien om vi kan utgiftsføre alt på ein gong, og eventuelt ha ein note i rekneskapet om det som er investert.

VEDTAK:

Fjellstyret vedtek å skrive ned verdien av aksjane i Valdres utmarskontor og lån/aksjane i FOSA til kr 0. Alle investeringar bør førast til utgift same år som dei er gjort og større investeringar kan eventuelt førast som note i rekneskapet.

Vedtaket er einstemmig .

Vestre Slidre fjellstyre den 11.204.

Harald Ranum
sekretær

Utskrift: Revisjon